



Innkalling Eldrerådet

Møtedato: 07.03.2023
Møtested: Kommunehuset - møterom Børilden
Møtetid: 17:15 - 19:00

Saker/orienteringar under møtet:

- Status pensjonistlag (eitt nedlagt, nytt stifta)

- Eldredagen 1. oktober

Her har Rigmor Ludvigsen og Gro Johannessen fått fullmakt til å planlegga
Be om innspel frå dei som bur på Norliheimen, program/klokkeslett?

- Temamøte 9. mai

Planlegging av temamøte data

- Temamøte 6. juni

Planlegga dette som "Leva heile livet"-møte?

- Informasjon Kyrkjebladet

Hørselskontakt-info med sist

Informasjon om gratis tannlege til enkelte grupper

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no

Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
004/23	Godkjenning av innkalling og saksliste
005/23	Godkjenning av møteprotokoll
006/23	Meldingar
007/23	Orienteringssak

Austrheim 3. mars 2023

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/23	Eldrerådet	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/322

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/23	Eldrerådet	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/322

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 07.02.2023

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Eldrerådet

Møtedato: 07.02.2023
Møtestad: Kommunehuset - kantina
Møtetid: 17:00 - 18:45

Notert av saker til møtet 7. februar 2023:

Fullmakt til leiar for planlegging av Eldredagen 2023

Referat frå Leve hele livet-møte i Bergen

Referat frå Webinar «Hvordan ønsker jeg å bo når jeg blir eldre»

Invitasjonar til møtet i mars:

Rigmor Ludvigsen i samband med Eldredagen 2023

Jan Ove Synnevåg i samband med datakurs/dataambassadør

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef for helse og velferd, kjem for å orientera begge råda klokka 17.00.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Reidar Øksnes	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Helge Dyrkolbotn	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Hildegunn Færøy, Ketil Tjore

Austrheim 9. februar 2023

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møteprotokoll
003/23	Orienteringssak

001/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

07.02.2023 ELDRERÅDET

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 001/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent

002/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

07.02.2023 ELDRERÅDET

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 002/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

003/23: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

07.02.2023 ELDRERÅDET

Ny kommunalsjef for helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, var invitert til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet for å presentera seg.

Viktige oppgåver framover:

- Skal lagast ein kommunedelplan for helse og velferd, det vert ei av hovudoppgåvene framover.
- Ei anna viktig oppgåve vert planane for eit nytt helsetun, der ein må starta med å kartlegga moglegheitene.
- Demensplanen er utarbeidd, men må til politisk handsaming.
- Jobbar for å rekruttera og halda på fagfolk innanfor sektoren, må ha ein strategi for å rekruttera unge til yrket og halda på dei, jobba for å gje dei som er i yrket fagbrev for dei som ikkje har det, samarbeida med skulane.
- Kommunen har frå nyttår ansvar sjølv før Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD), dette vert etablert på Nordliheimen. Var fram til nyttår lokalisert som eit felles interkommunalt tilbod i Knarvik.

Spørsmål frå råda:

- Helge Dyrkolbotn spurte om Austrheim Arbeidssenter, med tanke på tilrettelegging for brukarane og vedlikehald av bygget. Greitt at det kanskje skal flyttast inn i Nordliheimen om det vert bygd nytt helsetun, men det må skje noko før det.
- Odd Øksnes viste til at det var tale om å flytta arbeidssenteret inn i leigde lokale som erstatning for dagens lokale, men at dette ikkje vart noko meir av. Anny Bertelsen viste til at et statlege krav til kva ein kommune skal tilby av tenester.
- Færøy svara at det var litt tidleg enno til å svara om dette, etter ei månad som kommunalsjef, men noterte seg ulike moment.
- Anne Hildegunn Færøy vart invitert med på synfaringa 7. mars på Austrheim Arbeidssenter.
- Gro Johannessen og Ivar Bergsvik etterlyste svar på dei spørsmål som Eldrerådet har sendt til kommunen, som Leve heile livet, høyrselekskontakt og deltaking i prosjektgruppe.
- Anne Hildegunn Færøy svara at noko måtte ho setja seg meir inn i. Plan for Leve heile livet eksisterer, men er noko ikkje noko prosjektgruppe her. Det som er på gang er arbeidet med "Gode pasientforløp", som er ein del av satsinga på Leve hele livet. Kan gjerne komma tilbake med rådet med informasjon om arbeidet med "Gode pasientforløp".
- Helge Dyrkolbotn viste til at det er viktig at kommunalsjefen tar med seg inn til leiargruppa at det er mange ulike saker som bør gå til RMNF og Eldrerådet for innspel og uttale, og fekk støtte frå fleire andre medlemmer i råda om at det er viktig at sakene kjem til råda for uttale.
- Ivar Bergsvik viste til at ein el andre kommunar har jamlege informasjonsrundar for å få vita om kva saker som er aktuelle.
- Ivar Bergsvik ba om at det vart sett av sakshandsamingsressursar for råda slik at ein kan jobba fram saksframlegg med vedtaksframlegg, og som kan passa på kva saker som er aktuelle.
- Anne Hildegunn Færøy svara at saksgangen må ho undersøka litt nærare, men ser at det er viktig med brukarmedverknad og at råda får komma med innspel undervegs i prosessane før saka kjem til kommunestyret for endeleg avgjerd. La til at det er viktig å få med seg kunnskapen frå råda, og oppmoda til å ta kontakt dersom det er noko ein ønskjer å spela inn.
- Helge Dyrkolbotn ba om at det vart fastsett kven som har ansvar for desse to brukarråda, RMNF og Eldrerådet, med tanke på å få saker fram for dette rådet.
- Anny Bertelsen etterlyste informasjon om organiseringa av kommunen, med meir om innhaldet i "boksane" enn det som ligg på heimesida:
<https://www.austrheim.kommune.no/SysSiteAssets/innhald/om-kommunen/organisasjonskart-austrheim-kommune-01.01.2023.pdf>
- Solveig Hopen spurte om leiarane i råda kunne sett seg saman og diskutert ulike saker som er

aktuelle på tvers av råda.

- Solveig Hopen sa at det hadde vore bra med informasjon ut om kva som er stoda for planlegginga av eit nytt helsetun.
- Her svara Anne Hildegunn Færøy at kommunestyret skal setta ned ei prosjektgruppe for nytt helsetun, som skal jobba etter ein fastsett metodikk der ein ser på behovet som skal løysast, og så vidare planlegging ut frå det, med tanke på kvar det skal ligga, kven det skal brukast av og korleis det skal jobbast fram.
- Helge Dyrkolbotn viste til at gruppeleiarane har laga framlegg til ny utvalsmodell, og dessutan to ad hoc-grupper som skal sjå på høvesvis nytt helsetun og den vidare bruken av Nordliheimen etter at helsetunet er klart.
- Anny Bertelsen viste til at ein ikkje ser for seg at arbeidssenteret skal erstatta Aufera, men vera eit supplement.

Eldredagen 2023

- Møtesekretæren sjekkar at samfunnshuset er reservert 1. oktober til Eldredagen. (Sjekka, OK)
- Gro Johannessen utfordra medlemmene i rådet til å komma med innspel til underhaldning på Eldredagen, til møtet 7. mars. Ingvard Wilhelmsen vart føreslege, barnekoret Tiriltunga, Tor Endresen, Dagsland med fleire.
- Gro Johannessen ba om og fekk fullmakt til å planlegga Eldredagen 2023, i samarbeid med dagleg leiar i Frivilligsentralen Rigmor Ludvigsen.
- Rigmor Ludvigsen blir invitert til møtet i mars, i samband med Eldredagen 2023

Leve heile livet-kurs

- Gro Johannessen refererte frå ei samling i Bergen om Leve heile livet-planlegginga, der Johannessen og Solveig Hopen deltok, saman med Grethe Korsøen frå administrasjonen.

Webinar «Hvordan ønsker jeg å bo når jeg blir eldre»

- Gro Johannessen og Ivar Bergsvik deltok på webinar med Bettina Husebø. Ivar Bergsvik hadde notert:
- Bettina Husebø (professor og leiar for Senter for alders- og sykehjemsmedisin (Sefas) VED Det medisinske fakultet) -webinar: «Hvordan ønsker jeg å bo når jeg blir eldre?» Torsdag 19. januar kl 08.15 – 09.00 på kommunehuset, med tema:
- Vi vert fleire eldre
Gapet mellom talet på dagens eldre og framtidens eldre, må i stor grad dekkjast av heimetenesta når det gjeld pleiebehov. Norge treng 260000 fleire helsearbeidarar i 2050 enn i dag.
Banebrytande arbeid når det gjelder smertelindring av pasientar med demens.
Demenspasientar er ofte ikkje i stand til beskriva smerte eller symptom på smerte. Her kan digitale verktøy vera til hjelp, for å kunna gje rett smerte- og symptombehandling. NB!
Forskning viktig!
Flest kvinner er berørt av demens fordi dei demenssjuke får pleie av kvinner heime og kvinner i heimetenesta og sjukeheimar.80% av sjukeheimspasientane er demente i ulik grad.
- Førebygging av demensrisiko
Ernæring, hørsel, søvn, røyking, alkohol, diabetes, hjarte- og karsjukdomar og antidepressivbehandling.
- Omsorg ved livets slutt
Korleis kan vi vita om nokon er døyande?
Kva symptom bør behandlast for at døden vert bra både for den som skal døy og dei pårørande?
EEG-målingar for å kartleggja eventuell smerte ved livets slutt. Ved å redusera medikamentbruken i sluttfasen av livet utan å vera redd for at den døyande har smerte, så vil den som skal døy kunna vera meir vaken og aktiv heilt til det siste.
Legen har ein sentral plass ved livets slutt. Fasen vert i altfor stor grad overlata til anna helsepersonell.
- Heimetenesta må styrkjast
Det er på høg tid! Eit komplekst ansvarsområde. Heimetenesta har aldri fått den støtta den fortener.
57% er på sjukeheim dei siste dagane av sitt liv.
Mange ønskjer å vera heime livet ut (70%). Det inneber at vi må kunna estimera «point of no

return» på ein betre måte, og setja inn ressursar i heimen.

Tyskland, «Heller døy enn sjukeheim»

- Velferdsteknologi

Testing og implementering har ikkje kome langt nok

Alle må jobba saman, pasientar, pårørande og forskarar. Kommunane er nølende til velferdsteknologi fordi ein ikkje har nok kunnskap om kva som verkar.

- Det må tilretteleggjast for «Sosial living» (bufellesskap) med velferdsteknologi. NB! Det er eit paradoks at det kjem færre søknader enn før til Husbanken om lån til omsorgsbustader.

- Sosialrobot.

Forsøk i Trondheim om det kan vera til hjelp.

- Gro Johannessen ba om at kommunen ikkje berre satsar på at dei eldre skal bu heime lengst mogleg, men også har sjukeheimstilbod til dei som ønskjer det. Er ikkje alle som har nettverk rundt seg, og som kan klara seg som heimebuande. Viktig med sosial kontakt, og ha nokon å snakka med. Om kommunen skal bygga fleire eldebustader må det leggjast til rette for fellesareal/møteplassar.
- Anne Hildegunn Færøy viste til at kommunen har teke i bruk noko velferdsteknologi, og installerer no nytt anlegg på Nordliheimen. Jobbar vidare med det ein gjerne kan kalla trygghetsskapande teknologi. Ser i tala at dersom ein jobbar akkurat som no så treng ein mange fleire tilsette, men kan venta lågare ressursar og må sjå korleis dette kan løysast med teknologi, ulike typar bustader, med meir.
- Ivar Bergsvik sa at det er venta i samfunnet at kommunen er med på å planlegga rimelegare omsorgsbustader, slik at det er mogleg å sikra seg mindre bustader til ein overkommeleg sum.
- Gro Johannessen sa at det gjerne kan vera mindre bustader som er tilrettelagt slik at ein kan bu for seg sjølv, men ha fellesareal saman med andre.

Data for eldre/teknologi

- Gro Johannessen viste til spørsmål frå Jan Ove Synnevåg i samband med arbeidet hans med datakurs/ og som dataambassadør. Synnevåg ønskjer å komma til Eldrerådet for å snakka om dette, gjerne kombinert med at andre representantar frå kommunen er med.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at kommunen gjerne kan seia noko om kva som er mogleg for dei å komma med innan dette. Kan legga det opp som eit temamøte der kommunen også kan komma med innspel.
- Eldrerådet er samde om at Synnevåg kan komma til rådet tysdag 9. mai for å orientera, dette vert då eit temamøte og data/teknologi.
- Møtesekretæren sender e-post til Synnevåg om dette.

Korleis skal ein laga bustader for eldre

- Gro Johannessen viste til diskusjonen om eldre skal bu heime lengst mogleg, og viste til at ein andre stader legg opp til bufellesskap.
- Helge Dyrkolbotn viste til at det er viktig med sosialt fellesskap for dei eldre.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at det kjem utfordringar med fleire eldre og knappare ressursar, og må jobba alternativt for å løysa det, med hjelp frå frivillig sektor, ulike løysingar der kommunen bygger og leiger ut eller kommunen bygger og sel.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy viste til at bemanningssituasjonen er bra i Austrheim og rekrutteringa går bra no.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 003/23 VEDTAK:

Orienteringane vert teke til vitande.

Møtesekretæren følgjer opp dei sakene der det skal sendast brev/liknande.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/23	Eldrerådet	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/322

Meldingar

Saker

Saksnummer	Tittel
006/23.1	Temamøte i Eldrerådet om data - tysdag 9. mai 2023

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Jan Ove Synnevåg
Bakkavegen 65
5953 FONNES

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/280 - 1 / KTJ

Dato:
22.02.2023

Temamøte i Eldrerådet om data - tysdag 9. mai

Eldrerådet handsama i møtet 7. februar innspelet ditt om å komma i eit møte for å snakka om IKT og arbeidet som IKT-ambassadør. Det var semje om å ha eit eige temamøte om IKT tysdag den 9. mai, der du er velkommen. Møtestart er klokka 17.15.

For møtet i mars vil det gå ein del tid til planlegging av Eldredagen 2023, og i april er det ikkje møte.

Her er det som står i protokollen om temamøte 9. mai:

Data for eldre/teknologi

- Gro Johannessen viste til spørsmål frå Jan Ove Synnevåg i samband med arbeidet hans med datakurs/ og som dataambassadør. Synnevåg ønskjer å komma til Eldrerådet for å snakka om dette, gjerne kombinert med at andre representantar frå kommunen er med.
- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at kommunen gjerne kan seia noko om kva som er mogleg for dei å komma med innan dette. Kan leggja det opp som eit temamøte der kommunen også kan komma med innspel.
- Eldrerådet er samde om at Synnevåg kan komma til rådet tysdag 9. mai for å orientera, dette vert då eit temamøte og data/teknologi.
- Møtesekretæren sender e-post til Synnevåg om dette.

Med helsing

Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Anne Hildegunn Færøy

Mottakere:

Jan Ove Synnevåg

Bakkavegen 65

5953

FONNES



Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/23	Eldrerådet	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	23/322

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger: